ORDENS- OG TRIVSELSREGLAR FOR VIKE MONTESSORISKULE:

Mål: Heile miljøet skal vere prega av omsorg og ansvar for kvarandre.

GENERELT:

Det store mangfaldet i skulen gjer at vi kan ikkje ha reglar for absolutt alt. Det viktige blir at kvar einskild tek ansvar for seg sjølv og sine handlingar og haldningar. Når alle gjer det og elles følgjer dei skrivne reglane, skal skulen vår vere ein trygg og god stad å vere, noko som gir grunnlag for læring og utvikling.

HOVUDREGLAR:

1. I skuletida skal vi vere på skuleområdet. Ingen forlet skuleområdet utan å ha løyve frå ein vaksen.
2. Når skuledagen og SFO er over, går vi heim. Elevar som ikkje har plass i SFO, leikar ikkje på skuleområdet i SFO-tida.
3. Alle møter presis.
4. Skulen vår og det vi brukar der, tilhøyrer oss alle. Derfor tek vi godt vare på alt dette.
5. Vi vil vere greie, høflege og hjelpsame mot alle på skulen og følgje klassereglane.
6. Vi følgjer dei ulike reglane og elles rettar oss etter det vaksne seier.
7. Vi tek ikkje med søtsaker, mineralvatn, potetgull og liknande anna enn ved spesielle høve.
8. Vi leverer skriftleg melding ved fråvær, fritak frå gym./sym. eller når avtalt heimearbeid ikkje er gjort.
9. Vi unngår farleg leik og tek ikkje med uhøvelege leiker på skulen. Vi har ikkje fram leikene i timane.
10. Vi har ikkje med mobiltelefon, kamera eller elektroniske spel på skulen. Skulle ein elev trenge mobiltelefon, skal læraren ha melding om det. Den skal då ligge avslått i sekken til skuledagen/SFO er over. Elevar kan ha med kamera/telefon når dei har prosjektarbeid, som krev bruk av slikt utstyr.
11. Det er forbode å bruke tobakk og rusmiddel i skuletida, eller på arrangement som skulen har ansvar for.


KLASSEROMSREGLAR:

Kvar klasse har sine eigne reglar. Dei har innhald som tek vare på arbeidsmiljøet i klassen. Det seier mellom anna noko om orden, oppførsel og omsorg.

FRIMINUTTREGLAR:

1. I friminutta er vi i regelen ute.
2. Vi vil sjå til at alle har nokon å leike med.
3. Vi skal ikkje øydeleggje leiken for andre.
4. Vi ser til at ingen blir plaga.
5. Vi held oss på nedsida av skulen i friminutta.
   Ballbruk er forbode ved parkeringsplassen.
6. All snøballkasting er forbode.

SYKKELREGLAR:



1. Sykkelen skal parkerast i sykkelstativet.
2. Bruk av tohjulssykkel skal berre gå føre seg i sykkelbana.
3. Alle må bruke hjelm, og vise varsemd for andre som oppheld seg i området.
4. Bruk av trehjulssykkel og sparkesykkel skal berre gå føre seg i området rundt sandkassa. Elevar på sparkesykkel må bruke hjelm.

BRUK AV INTERNETT:

1. PC og Internett brukast etter avtale med læraren.
2. Det skal ikkje tingast varer eller tenester via Internett.

TURREGLAR



1. Gå i lag med gruppa/dei vaksne.
2. Sei i frå til ein vaksen om du **må** forlate gruppa.
3. Vi følgjer dei instruksane vi får.
4. Vi hjelper kvarandre/viser omsyn.
5. Ved bading må to vaksne vere til stades. Ein av dei må ha livbergingskurs av nyare dato. Elevane skal ha skriftleg melding frå føresette om dei har lov til å bade.

BROT PÅ REGLANE:

Aktuelle tiltak ved brot på vanleg folkeskikk og skulen sine reglar:

1. Åtvaring/tilsnakk frå tilsette.
2. Samtale med kontaktlærar der det vert gjort avtale.
3. Samtale med rektor.
4. Melding/telefon heim.
5. Innkalling til samtale med eleven og dei føresette.
6. Bortvising for enkelttimar eller resten av skuledagen.
7. Inndraging av utstyr for kortare eller lengre tid.
8. Eleven og hans føresette kan bli økonomisk ansvarleg for inntil 5000 kr.

Ved alvorlege brot på ordensreglane skal det setjast i verk tiltak etter plikter og reglar i Privatskolelova § 3-9 og 3-10, samt Opplæringslova § 9A. Rektor tek avgjer om iverksetjing av tiltaka etter å ha rådført seg med eleven sine lærarar. Føresette skal ha melding før det vert sett i verk tiltak som bortvising og liknande.

AVSLUTNING

Desse reglane skal takast opp i klassen ved skulstart kvart år og gjerast kjent for føresette som kjem til skulen for første gong. Eventuelle forandringar av desse ordens- og trivselsreglane skal godkjennast av skulestyret.

Godkjent i styremøte for Vike Montessoriskule 20.september 2023.